



Rakalauv barnehage SA

VEDTEKTER OPPTAK AV BARN NYNORSK (ikkje godkjent av norsk språkråd, rev. 11.01.22)

Rakalauv barnehage er åpen for barn i alderen 1-6 år.

Hovudopptak skjer i samråd med Gran kommune ein gong i året, med søknadsfrist fastlagt av Gran kommune. Styrar innstiller til opptak. Styrar har høve til å vurdera gruppesamansetning, og opptaksvedtekter kan fråvikast ved grunngiving frå styrar.

Opptak av barn kan gjerast i barnehageåret, så sant tilbodet er over ein lengre periode og det er ledig kapasitet i barnehagen.

Opptakskrinsen er Sanne skulekrins og Granlund krins der Granlund krins blir prioritert.

For å rekruttera og behalda barnehagelærarar i og til Rakalauv barnehage SA prioriterast deira barn ved opptak.

Ved ledig kapasitet er opptakskrinsen Gran og Lunner kommune.

Ved opptak av barn legger ein vekt på følgjande kriterium:

1. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdera om barnet har nedsett funksjonsevne (Barnehagelova § 18).
2. Barn som det er fatta vedtak om etter Barneverntjenesten §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak.
3. Interne endringar.
4. Barn med utsett skolestart.
5. Barn av barnehagelærarar i Rakalauv barnehage SA.
6. Søsken av barn som har plass i barnehagen. Ved mange ønskjer om endring, blir endringane prioriterte etter alder.

Barn som har mellombels eller deltids plass og ønskjer utviding av plass, har fortrinn ved ledig kapasitet.

Ved ledig kapasitet tek barnehagen inn barn frå heile Gran kommune. 5-åringar prioriterast. Eldste barn har elles fortrinn.